

Kyrkjeposten



Informasjonsblad for Etne og Skånevik sokn

Desember 2021



Konfirmantweekend på Utsikten

Festen som forsvant

Ny bok frå Solveig Sørheim



Kyrkja i Etne og Skånevik

Soknerådsleiar Skånevik:

Astrid Askeland Johnsen

Soknerådsleiar Etne: Anne Jorunn Lindevik

Leiar i Etne kyrjelege fellesråd:

Reidar Leknes

Adresse: Enge 5, 5590 Etne

Telefon: 53 77 11 70

Tilsette:



Aud Jorunn Grønstad Baustad
Kyrkjeverje
kyrkjeverja@etnekyrkja.no
96 01 68 64



Randi Frette
Kyrkjelydssekretær
sakshandsamar@etnekyrkja.no
53 77 11 75



Per Hjemdal
Sokneprest i Etne
soknepresten@etnekyrkja.no
41 12 65 49



Egil Larsen
Fung. sokneprest i Skånevik
spresten@etnekyrkja.no
99 24 18 70



Elisabeth Vae Haaland
Kyrkjelydspedagog
tru@etnekyrkja.no
90 06 27 28



Bjørn Stødle
Kyrkjegardsarbeidar
kga@etnekyrkja.no
91 19 99 60



Solveig Sørheim
Organist
organist@etnekyrkja.no
40 28 68 71

Jul i kyrkja—usikre tider

I det Kyrkjeposten blir sendt til trykking, er det noko uavklart kva for smitteverntiltak som gjeld når bladet kjem i postkassane. Men vi planleggar jul i kyrkja som vanleg.



Skulle det dukke opp restriksjonar, vil vi annonser på Facebook.com/etnekyrkja.



Foto: Olav Granberg

Dette flotte fotografiet fekk me sendt til Kyrkjeposten. Stolt oldemor Borghild Paulsen på 102, busett i Skånevik, gler seg over dåp og fest for sitt yngste oldebarn, Gabriella Karin Strand.

Gabrielle blei døypt i Ølen kyrje 29. august i år. Søskenborna Vera (4) og Vilde (1) sit stolte på fanget til mor si, Cathrine Skogen.

Ei kroppsleg jul

Det vart ein underleg julafstan for eitt år sidan. Det var koronatid og grenser for det meste på alle kantar. Dersom vi ville samlast i kyrkja, kunne vi berre møtast veldig få. Nokon trassavêr og vind og heldt gudstene nasta utandørs, men dei fleste heldt seg nok heime. Eg håpar vi ikkje får oppleva slike tilstandar ein gong til.

For viss det verkeleg er ei tid på året der vi må møtast fysisk og kroppsleg, ta kvarandre i handa, og gjerne òg gi kvarandre ein skikkeleg klem, så må det vel vera i jula. Jul handlar nemleg om kropp og om nærvær.

Vi feirar at Guds Son vart menneske og lagt i krubba. Jesus var eit heilt vanleg barn til fingerspissane – og samtidig noko så uvanleg som ein halv meter Gud, lagt på strå og utlevert til Marias og Josefs omsorg. Guds Son vart eit foster og eit spedbarn, hjelpelaus og hjelpetrengande. Slik vi alle kom inn i verda, og var avhengige av å bli tekne imot på ein god måte.

Når jula handlar om noko så fysisk og så kroppsleg som dette, blir det ikkje heilt det same å feira denne hendinga framfor kvar vår skjerm. Det er mykje bra som blir formidla på nettet og på TV ved juletider, og for den som sjølv ikkje kan komma til kyrkja er skjermen mykje betre enn ikkje noko.

Men når vi feirar at Guds Son kom til verda i ein liten gutekropp, er det ingen ting som kan erstatta den fysiske og kroppslege samlinga.

Gud sokjer oss som heile menneske, så lat oss møte han slik. Difor håpar eg at du som les dette tek på deg (regn)frakken eller kåpa, og tek turen til kyrkja denne jula. Kom gjerne på julafstan! Men sjølvê dagen, Jesu fødselsdag, er faktisk 25. desember – og vi held fest den dagen òg.

Nokon av oss har det slik i jula at vi gjerne vil komma til kyrkja, men nøler fordi vi er

usikre på om det er riktig. Trua kjennest for liten og tvilen for stor, eller det er andre grunnar til at ein ikkje passar inn. Viss du er blant dei som tenker slik, seier eg: Det er ikkje trua vår vi feirar, men at Gud er komen til oss. Og om trua vår er svak, og det er den ofte, så er Guds nærvær likevel heilt og sterkt og utan noko etterhald.

Så når Gud vil møta oss alle i kyrkja, er det grunn god nok til å komma. Slik hyrdingane kom til stallen og tilbad, sjølv om dei nok ikkje heilt forstod kva dei var med på.

Men kan du ikkje komma til kyrkja, så vår trygg på at Gud uansett vil møta deg der du er og dela dagane dine med deg. For etter den første jula, då Guds Son vart menneske, er det ingen menneske og ikkje noko menneskeleg som er framand for Han.

Eg ønsker deg og alle dine ein glad og velsigna jul!



Halvor Nordhaug, Biskop i Bjørgvin

Festen som forsvant

Dei er ikkje heilt borte, men restane av tradisjonen bleiknar mot det frodige folkelivet me julefestentusiastar levde oppi på bygdene for 50 – 60 år sidan.

Festane florerte rundt i grendene. I vårt område har eg funne fram til om lag 20 festar fordelt på 14-15 bedehus, ungdomshus og skular. Og der er sikkert fleire.

Festane høyrdet til i romjula, nyårshelga og første vekene i det nye året. Me tok ikkje noko på forskot den gongen. Bortsett frå nødvendig førebuing av mat, bakst og gåver tok jula til på afta, og varde til langt ute på nyåret.

Frammøtet til festane var stort. I vår tid snakkar dei om stinn brakke, men stinnare enn på mange julefestar trur eg det er vanskeleg å få til. Dei fortel frå Byrkjenes ungdomshus at under fullsette bordseter i kjellaren gjekk like mange rundt treet oppe. Golvbelkane svaia over matborda, seiest det. Og i Indre Tungesvik måtte dei dekkja bord så langt innunder skråtaket oppe at ein del av festlyden gjekk litt krokrygga heim.



På barnefestane var gjerne maten lagt i posar, men elles serverte ein smørbrød, der egg og sild var ein sikker vinnar, og julebrød, truleg med sukat. Drykken var kaffi og kakaо. I alle fall innafor dørene.

Nokre stader varde festane så lenge at ein måtte ha to bordseter.

På Molnes starta festen som ein søndagsskulfest, men utover kvelden, når ungane for heim, kom fleire vaksne til og tok på eit vis over stafettspinnen. Då måtte kjelen på igjen for ei ny bordsete.

Eldre folk fortel at dei som ungdommar gjekk frå fest til fest og slik fekk med seg fleire same kvelden. Ofte til fots i ei tid der bilane var få. Men kva er vel kjekkare for ungdom enn å gå ei mils veg ilag i mørke eller snøløse vinterkveldar.

Dei som hadde skjenkt seg, kom gjerne sist, som rimeleg er. Det krov si tid å gjera seg festklare slik. Men mange stader var dei og med.

Juletregongen tok mykje av festkvelden. Det meste av julesongrepertoaret med alle vers skulle ein gjennom. Me kunne sanneleg julesongane etterkvar, både dei kyrkjelege og dei lette, folkelege.

Ring på ring rundt treet ymsa på gongringinga. Med fleire ringar i små hus kunne det bli trøngt om plassen, og ein måtte gjerne leggja ein ring innom tilliggjande smårom. I Indre Tungesvik var dei innom det vesle lærarrommet. Der var lite lys, og for mange var det ekstra stas. Ungane gjekk inst, så avanserte ein med åra utetter i ringane.

På svært brennbare nåletrøye flamma levande lys. Men ingen tok fyr så vidt eg veit. Derimot kunne det henda ein fekk ein dusj av stearin nedetter matrosdressen. Her veit eg kva eg snakkar om.



Juletregang på Rygg bedehus. Foto Atle Aas

Festane var oppbygglege samvær med an- dakt og julesalmar, men og folkelege møte- plassar. Dei var dessutan høvelege sjekke- plassar. Det blei nøyne observert og notert kven som gjekk rundt treet ilag. Sjølv kjen- ner eg eit par som møttest på julefest og seinare har vore gifte i meir enn 50 år.

Dette er festen som forsvann, saman med einskapskulturen som i mange bygder samla alle rundt det same. I ei tid med færre ulike fellestilbod gjekk me kvinne og mann av huse på det som var.

På eit anna vis høyrdé me tettare saman, før moderniteten kom og skilde oss i tusen flok- kar. Men mange av kyrkjebladsslesarane vil sikkert minnast nett denne festen med stor glede.

Skulle det no dukke opp ein julefest i nærliken av der du bur – t. d. på Rygg eller Frette, eller kan hende i Skånevik eller på Enge – ja, då lyt du ikkje gå glipp av ei kjekk og triveleg oppleving.

Eg veit det var julefesttradisjonar på desse stadene: Indre Tungesvik, Skånevik bedehus (4), Molnes, Ebna.

Rygg bedehus (4), Sørstrondo, Ljoshall ungdomshus, Enge bedehus, Grønstad, Håland, Frette.

Kyrping, Markhus, Bjellandsnes, Fjæra.

Og så ber eg audmjukt om årsaking for sta- dene eg har gløymt!

Harald Grønnerik

Lokale songtradisjon

Organist Solveig Sørheim fekk eit sterkt ønske om å samla inn og visa fram folkemusiken fra heimbygda si Etne. No er det innsamla materialet å finna i boka «Di gamle songadne – folk og musikktradisjon i Etne». Stofftilfanget blei mykje større enn Solveig hadde tenkt seg.

- Eg blir ikkje rik på boka i penger, men sjølv føler eg at prosjektet har gjort meg rik, seier den entusiastiske organisten.

Solveig fortel at ho vaks opp i ein storfamilie der tradisjon og kulturformidling har vore viktig.

- Soleis kan et nok takke besteforeldra mine at eg sette i gong med dette bokprosjektet.

Den allsidige organisten trefte folkemusikarar i studietida, mellom anna frå Hardanger, der dei hadde sine eigne folkemusikktradisjoner. Dette pirra også interessa for å finna slike tradisjonar i sin eigen heimkommune.

- Det var eit vanskeleg arbeid i starten sidan det var så lite nedskrive. Men så kom eg i kontakt med Sigbjørn Apeland som var organist i Vindafjord på 90-talet. Sigbjørn hadde samla lokale folketonar, og gav meg alt han hadde skrive ned. Han byrja så på Arne Bjørndal-samlingane og skreiv ned meir materiale derfrå, og alt dette gav han meg som eit utgangspunkt.

- Eg arbeidde vidare med å skriva ned musikken i samlinga etter arkivopptak frå Hardanger og Ryfylke, og prøvde å finna stroymingane her lokalt. Etter kvart snakka eg også med mange eldre folk i kommunen, og der fekk eg særleg tilgang på barnesongar.

Arne Bjørndal (1882 – 1965) var kjend som innsamlar og formidlar av vestnorsk folke-musikktradisjon, og han gav samlinga si til universitetet i Bergen. Her har Solveig funne mykje godt stoff til boka si, blant anna eit opptak av etnebuen Tor Ekrheim (1894 –



1963) der han både syng og blir intervjuet. Fleire av songane etter Tor Ekrheim er med i boka.

Vår lokale innsamlar leita i gamle songbøker og i salmebøker for å finna retningar og såleis danna seg eit bilet av tradisjonar i vår kommune. Solveig har mellom anna vore på Nasjonalbiblioteket der ho las handskrivne brev, ein del av desse i gotisk skrift. Ivar Aasen var innom Skånevik på sine vandringer, og notata etter han ligg digitalisert ved Universitetet i Oslo. Her fann Solveig materiale fra Skånevik til boka si.

Statsstipendiat og folkeminnesamlar Olav Sande (1850 – 1927) samla inn folketonar i vårt distrikt i 1917. Han song nokre av songane på nynorsk, men tradisjonen var riksmål

ar mellom to permar

på denne tida. Songar som Sande samla inn er også representert i boka.

- Den største kjelda av materiale som er nytta i boka strekkjer seg tilbake til haugiansk tradisjon. Og det er såleis mest religiøse folketonar som er tekne vare på. Men av skriftlege kjelder har eg også samla mange songar med verdslege tekstar.

For Solveig Sørheim har alt det innsamla materialet vore viktig for å visa lesaren av boka kva som er blitt sunge i kommunen i tida fram mot krigen. Forfattaren kan fortelja at boka som i skrivande stund er under trykking, og som kan koma ut til jul, blei dobbel så stor som ho hadde tenkt seg. Boka er tredelt. Den eine delen inneholder handskrivne songar utan melodi. Dei to andre delene inneholder tekstar og notar av gamle songar og viser, og salmar og songar knytte til kristenliv og gravferd.

Boka er fint krydra med fleire gode gamle bilete med ulike motiv av personar i både kvardag og fest, og bileta er frå fleire ulike stader i kommunen.

Caroline Ho-Bich-Tuien Dang har fått oversendt mange bilete av handverk og kunst frå Etne, blant anna glimt frå Sæbøtunet, og ut frå dette har ho laga spennande illustrasjonar til boka.


Organisten vår legg ikkje skjul på at det har vore enormt mykje arbeid med det som no har enda opp i ei bok, og at læringskurva har vore bratt. Ho er takksam for hjelp mellom anna frå folk i kommunen som har gitt ho både inspirasjon og tilgang på stoff. God hjelp har ho også fått av Håvard Skaadel, doktor i tidlegmusikk, som har hjelpt til med å plassera stoffet inn i ein historisk kontekst.

- Han har vore ein god hjelpar. Elles har fleire støtta meg økonomisk slik at eg fekk råd til å realisera prosjektet, og der vil eg særleg trekkja fram Etne kommune og Etne Sparebank. Eg er supertakksam for denne hjelpa.

Bak i boka ligg det ein CD med eit komponert verk av Solveig Sørheim og Else Olsen S. Opptaket er frå Stavanger konserthus i 2020, og melodien er basert på ein folketone med tittelen «Und meg Gud ett lite rom».



Sted: Nordhordland.
Mote: Sver. Z. Finsenland.
Materiale: Solveig Sørheim og
Hilda Hestad Håland.
Foto: Wilton Ekkelund.
Eigar: Finn Amundsen.



Faksimile frå boka til Solveig Sørheim

At arbeidet har vore omfattande skjønar me i samtale med forfattaren og når me får sjå innhaldet i boka. Reisa frå organist til folkeminnesamlar har også resultert i at Solveig Sørheim er blitt tildelt Etne kommune sin kultur og frivilligpris 2021 for innsatsen med å finna fram våre lokale songskattar. Kyrkjeosten stiller seg blant gratulantane. Som innbyggjarar i kommunen bør me vera glade og takksame for at den aktive organisten vår har samla våre eigne folkemusikktradisjonar mellom to permar. «Di gamle songadne» bør ha stor interesse for mange.

Nyleg var det råd å få høyra eit knippe av songar og melodiar frå boka i to av kyrkjene i Etne. Formidlar var Klostertrio, der

Solveig Sørheim, Tore Kloster og Irene Simonsen er med. Vår eigen Solveig spela vakkert som vanleg på sitt trøorgel, Tore Kloster fekk tekstane fram gjennom si vakre tenorstemme, og pianisten Irene Simonsen imponerte mellom anna med framføringa av ein komposisjon av Edvard Grieg som er knytt til folkemelodien «Jeg går i tusen tanker».

Konserten baud på fleire songar etter Tor Ekrheim. Innslaga var ei blanding av både religiøse tekstar, kjærleiksviser og ei god rallarvise. «Skotårsvisa» etter Ida Flesland var eit av innslaga. Steinar Aalvik batt programmet saman med sine underfundige og gode forteljingar.

Alf Østrem



Klostertrio med Steinar Aahvik i Etne kyrkje.

Konfirmantweekend på Utsikten

DAG 1

Alle hadde glede seg skikkelig mykje til Utsikten heile dagen. Me gleda oss mest til å møte dei fra Skånevik og være sammen dei andre i klassen på fritida. Me hadde fått planen frå før av, så me såg fram til mykje på planen, men mest til underholdningsaftenen og kveldskosken.

Det var god stemning på bussen. Me stoppa på Kyrping litt etter, for å henta dei frå Skånevik. Me frå Etne satt bakerst i bussen, så Skånevik satt seg aller fremst. Det var litt kleint i begynnelsen fordi me kjente dei ikkje. Hallvar/Ein i klassen hadde tatt med seg ein høytaler så gutane styrte musikken heilt fram (ikkje heilt våras smak, men me overlevde).

Då me var framme, gjekk alle av bussen, spent på korleis det var inne i lokale/hytta. Det var litt kaldt, men fint vær. Me gjekk opp i 2.etasje og fant rommene våras. Etter me hadde pakka ut, utforska me litt og blei kjend med dei frå skånevik før me sku eta. Til kvelds var det kyllingsuppe og litt informasjon om resten av turen.

Seinare på kvelden samla me oss nede i stova og hadde nokre leker med premier. Me syns det var kjempekjekt, og me blei samtidig kjemt med Skånevik sjølv om me satt litt splitta. Alle lo og koste seg med god stemming, og alle var med.

Etter lekene fekk me litt fritid der me spelte kort og slappa av. Så fekk me beskjed at klokka 12 skulle me gjere oss klare til rebus ute i mørke!

Me tok på oss godt med klede og møttest utanfor. Me blei delt inn i lag og fordelt ut på ulike postar. Dei kjekkaste postane syns me var når me skulle skyte på boksar med luftgevær, eller når me skulle gjette kor langt eit tau var, kor mykje snop det var oppi ei krukke og kor mykje dopapir det var på ein dorull. Me var ferdige rundt 1 på natta, så la me oss.

DAG 2

Dagen etter blei me vakna av intens banking på døra og bråk i gangen frå gutane. Me stelte oss å gjekk ned og å frukost. Så hadde me undervisning om det gamle testamentet (som



Lone Sørheim og Monica Grindheim har hatt det kjekt på konfirmantweekend.



50-leken - Kristine, Eirik, Pelle, Marius, Kristoffer, Johannes, Olve og Lukas

faktisk var veldig gøy). Me lærte oss masse bevegelsar som viste det sentrale frå viktige hendingar. Me holdt på til kl.12 og så åt me lunsj. Etterpå blei det undervisning i å slå opp i Bibelen, før me blei tatt med ut i det fina været på ein leik som heiter 50-leken.

Den gjekk ut på å springe til poster og slå opp i Bibelen for å finne svar. Me blei delt opp i same gruppe som kvelden før. Leken var drittjekk, og VÅRAS GRUPPE VANT!!!



God mat og god stemning under måltida i matsalen



Sara, Monica, Johannes, Sivert, Hallvar, Bjarte, Olve, Lukas og Pelle ser på Tobias som skyt med luftgevær.

Så fekk me fritid der nokre gjekk ned på butikken, andre var i lokalet og slappa av, spilte kort og snakka. Så var det TACO til middag! Når me åt sa Per at kvart rom skulle velja ein eigen leik til underholdningsaften seinare på kvelden.

Klokka ni samla alle seg nede i stova og då hadde det allereie blitt mørkt. Der kåra han vinnarane og delte ut premier for rebus og 50-leken før alle fekk holda leikane dei hadde valgt. Det blei tatt opp mange frivillige fra «publikum» på leikane. Dei var kjempekjekke og morosame. Alle holdt på å le seg ihel av alle påfunna. Blant anna var det «grip mikrofonen», «blind-smaking», og mange andre morosamme leikar og konkurransar.

Etterpå fekk me lov å velja litt sjølv kva me ville gjer før det var kveldsavslutning. På kveldsavslutninga snakka litt ilag og til slutt tente me lys medan ein ønska noko for ein sjølv eller ein du bryr deg om. Det var veldig koseleg. Etter fekk me meir fritid der me mingla på romma til kvarandre. Så var det ro klokka 1.

DAG 3

Neste dag skulle me feira heim så me måtte pakka og rydda i løpet av dagen. Me blei vekka av Per klokka 9, så stelte me oss og åt frukost. Me blei informert om korleis me skulle rydde romma, og kva tid bussen kørde.

Alle gjekk opp å pakka og begynte på rydinga når frukosten var ferdig. Då ein blei ferdige satt dei seg i stova.

Då me kom til Utsikten blei me delt inn i forskjellige arbeidsoppgåver som kjøkkentenne og hjelpe å støvsuge/vaska resten av lokalet. Dei som skulle vaska og støvsuge på slutten gjorde seg ferdige, så satt alle seg i bussen før han køyde.

Weekenden var ein kjempekjekk oppleveling. Det var kjekt og bli kjent med dei fra Skånevik, som mange har blitt gode venner med. Turen var lærerik, sjølv om me koste oss masse og skapte minner som me kjem til å huske

Lone og Monica

Livets gang

ETNE

Døpte:

19.09 - Magnus Bokn Haaland
17.10 - Amelia Selnes Sæle
17.10 - Joar Solberg Flatebø
21.11 - Sanna Jordal Taraldsøy

Vigde:

18.09 - Hanna Hundhammer og
Anders Sørheim Hundseid
09.10 - Marit Svendsen og
Christian Haug

Gravlagde:

08.10 - Tobias Sævareid Tesdal
29.10 - Magda Beate Sævareid
05.11 - Erling Kasper Sævareid
26.11 - Solveig Trå

Stor jobb, I



Kyrkjeposten treng støtte

Etne og Skånevik kyrkjelyder
seier takk for alle gåver!

Kontonummer: 3543.13.03246

Vipps: 112914, merk med «Kyrkjeposten»

Ønsker din bedrift å teikna an-

Ta kontakt med k

iten stilling

Ein viktig tilsett i kyrkja som me til vanleg ikkje ser så mykje til, er vår kjære reinhaldar Supaporn Khamya,-også kalt Cat.

Ho er fast tilsett i 12% stilling, og har som arbeid å gjera reint på kyrkjetoget, kyrkjekontora, toaletta og Etne bruktbu . Enge bedehus leiger henne og til naudsynt reinhald. Denne jobben har ho hatt i to år, og ho liker seg godt. Ho liker å ha det ryddig og reint, og når ho arbeider, kjenner ho det mest som ho er i sin eigen heim. Det er og kjekke folk overalt, seier ho.

Cat kjem fra Thailand. Ho arbeidde der i foreldra sitt bakeri, før ho flytta til Norge for ti år sidan. Det var ein travel ,men kjekk jobb i bakeriet.

Nå bur ho på Sørstranda med mann og tre barn på 8, 5 og 4 år. Mannen , Ove, jobbar i Nordsjøen, og ho syns det er perfekt å ha ein jobb som er fleksibel og mogleg å få gjort unna mens ungane er på skule og i barnehagen.

Takk, Cat, for den viktige jobben du gjer!

Livets gang

SKÅNEVIK

Døypte

10.10 - Alina Gardsteig Svendsen

Gravlagde::

09.11 - Gudolv Bech-Hanssen

09.11 - Ingrid Elfrida Leknes



Opningstider

Onsdag 11-16, laurdag 11-15

Velkommen innom for ein god handel!

nonseavtale i Kyrkjeposten?

Kyrkjekontoret!

Takk til våre annonsørar!



Grannar

Lokalavisa for Etne og Vindafjord



Bufetat

Kan du hjelpe et barn eller en ungdom som trenger et trygt hjem? Nå er det behov for flere fosterhjem i ditt nærområde.

Den norske kirke samarbeider med Fosterhjemstjenesten i Bergen om å finne fosterhjem. Mer informasjon om fosterhjem på fosterhjem.no

Illustrasjonsfoto



Ølen Begravelsesbyrå
DØGNVAKT - Tlf: 53 76 82 03
www.olenbb.no
ETNE - VINDAFJORD - TYSVÆR



Ikke alle barn gleder seg til jul

Gi støtte til familier som har det tøft

Send SMS BK JUL til 2210 (200 kr) eller VIPPS valgfritt beløp til 13130

Blå Kors

Gudstenestekalender



24. des.	13.00	Frette	Familiegudsteneste	Per Hjemdal
	13.30	Fjæra	Familiegudsteneste	Egil Larsen
	14.30	Etne	Familiegudsteneste	Per Hjemdal
	16.00	Etne	Familiegudsteneste	Per Hjemdal
	16.00	Skånevik	Familiegudsteneste	Egil Larsen
25. des.	11.00	Skånevik	Høgtidsgudsteneste	Egil Larsen
	12.00	Etne	Høgtidsgudsteneste	Per Hjemdal
31. des.	17.00	Skånevik	Gudsteneste	Per Hjemdal
01. jan.	12.00	Etne	Gudsteneste	Per Hjemdal
09. jan.	11.00	Skånevik	Gudsteneste	Egil Larsen
16. jan.	11.00	Etne	Gudsteneste	Per Hjemdal
23. jan.	11.00	Etne	Gudsteneste	Egil Larsen
	17.00	Skånevik	Gudsteneste	Egil Larsen
30. jan.	11.00	Gjerde	Familiegudsteneste	Per Hjemdal
06. feb.	11.00	Skånevik	Familiegudsteneste	Egil Larsen
13. feb.	11.00	Etne	Radiogudsteneste*	Per Hjemdal
20. feb.	11.00	Grindheim	Gudsteneste	Egil Larsen
27. feb.	11.00	Etne	Gudsteneste	Egil Larsen
	17.00	Skånevik	Gudsteneste	Egil Larsen
06. mars	11.00	Etne	Gudsteneste	Egil Larsen
	17.00	Fjæra	Gudsteneste	Egil Larsen
13. mars	11.00	Skånevik	Gudsteneste	Per Hjemdal
	19.00	Etne	Lovsongsgudsteneste	Per Hjemdal
20. mars	11.00	Frette	Gudsteneste	Egil Larsen
27. mars	11.00	Etne	Familiegudsteneste	Per Hjemdal
	17.00	Skånevik	Familiegudsteneste	Per Hjemdal
03. april	11.00	Etne	Gudsteneste	Egil Larsen

NRK sender radiogudsteneste fra Etne kyrkje søndag 13. februar kl. 11.00.

Møt opp og ver med å laga ei god gudsteneste!

Bibelen - verdas viktigaste bok!

"*Lat Kristi ord få rikeleg rom hos dykk*" skriv Paulus i Kolossar-brevet. Vi har den tru at ordet som vi har i vår bibel gjev kunnskap om og skapar kristen tru. Ved å sitte saman og lese får vi både være med og lytte. Bibelteksten lyder utan nokon form for forklaring eller tolking.

Difor har vi glede av å ønske velkommen til RIK i Etne kyrkje. Vi kallar det RIK, fordi bokstavane står for:

Regelmessig.

RIK er ein samling der vi les høgt frå Bibelen. Dei som kjem, er invitert til å ta del i lesinga, men treng ikkje! Vi les ein time kvar veke.

I fellesskap.

Etter ei kort innleiingsbøn, les vi Bibelen kapittel for kapittel. Vi les på omgang ca ein time. Deretter sluttar vi med å be Fader Vår.

RIK formidlar ro og stille. Det gjev høve til ettertanke, refleksjon og undring. Ved å lese Bibelen i samanheng blir vi kjent med den openberringa Gud har gjeve oss, der Gud syner sin trufastheit og kjærleik til sitt skaparverk. Her openberrar Gud sin plan til frelse for menneska, som vert fullenda ved Jesu død og oppstode.

Kontinuerleg

Ved å lese ein time kvar veke, vil det ta ca. 2 år å komme gjennom hele bibelen. Om vi har mot til å gå i gang igjen, står att å sjå, men det er planen!

Det blir ikkje lagt opp til samtale om det vi les som ein del av RIK. Derimot kan alle stanse igjen på kyrketorget etter lesinga, dersom det er ønskeleg. Det er alltid nokon å prate med!

RIK er for alle uansett kva dei trur og om dei trur. Det krevst ingen forkunnskap, og alle er velkommen!

Etne kyrkje,
tysdagar kl. 19.30

